

Fitjar kommune  
Postboks 83  
5418 Fitjar

## Administrativ fråsegn til høyring av forslag til kommuneplan for Fitjar kommune - samfunnsdelen 2020 - 2040

Vi viser til Fitjar kommune sitt utkast til samfunnsdelen til kommuneplanen som er lagt ut til offentlig ettersyn i brev dagsett 12.06.2020. Vi viser også til vårt innspel til melding om oppstart og høyring av planprogram, dagsett 11.03.2020.

I vårt reglement for folkevalde organ og delegering er det bestemt at uttale til utkast til samfunnsdelen til kommuneplanen skal handsamast politisk i fylkesutvalet. Fitjar kommune skal handsama kommuneplanen i formannskapet 16. september, og i kommunestyret 30. september 2020. Dette er før neste møte i fylkesutvalet. Med bakgrunn i det kjem vi difor med administrativ fråsegn til fristen 25. august, og legg fråsegna fram i fylkesutvalet som informasjonssak i møte 17. september 2020.

### Vurdering

Kommunen har lagt fram eit plandokument som er strukturert og dekkande. Det kjem tydeleg fram at det er gjort eit omfattande arbeid, og at dette er eit prioritert arbeid i organisasjonen. Planen syner engasjement, frå forord til oppsummering, og skildrar mellom anna grundige medverknadsprosessar og nyttar solide kunnskapsgrunnlag knytt til dei ulike tema.

### *Regionalt planforum*

Fitjar kommune var i regionalt planforum ved Hordaland fylkeskommune 26. mars 2019 og presenterte planprogram for kommuneplanens samfunnsdel. Dette er positivt, då kommuneplanlegging er ei viktig oppgåve for kommunane, og planforum er ein god arena for diskusjon og innspel. Fleire av innspela vi kom med i planforum er følgt opp i høyringsframlegget, som til dømes framstilling av mobilitet i kommunen; kva som er identitetsskapande; og å knytte FN sine berekraftsmål til kommunen og kva dei betyr for kommunen sitt utviklingsarbeid. Dette er bra.

### Planfaglege merknader

#### *Om kopling til utviklingsplan for Vestland fylke*

I planframlegget sitt siste kapittel, «Sterke saman – regionalt samarbeid», omtalar samfunnsdelen samarbeidet mellom kommunane Fitjar, Stord og Bømlo. I tråd med FN sine berekraftsmål vil dei støtte opp om økonomisk, sosialt og miljømessig samarbeid mellom byområde, omland og distrikta. Regionalt samarbeid om overordna planar har verdi for kommunen. Dette er positivt.

Vestland fylkeskommune har under utarbeiding regional planstrategi, som vi har valt å kalle utviklingsplan. I planarbeidet har ein utvikla 4 hovudmål med strategiar:

1. Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg
2. Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling
3. Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv
4. Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

Vi tykkjer det er positivt at mål, strategiar og arbeidsoppgåver som er fastsett i planutkastet til kommunen i stor grad samsvarer med våre. Både kommunen og fylkeskommunen skal legge nasjonale forventningar til grunn og jobbe etter FN sine berekraftsmål. Det vil gjere at kommune og fylkeskommune framover kjem til å jobbe i ei felles retning, noko vi meiner er avgjerande viktig for å oppnå dei måla både kommunen og Vestland fylke har.

### *Generelt*

Fitjar kommune har valt tema folkehelse; berekraftig utvikling; barn og unge som gjennomgåande for planen. Visjonen «Fitjar naturlegvis!» skal spegle det nære og ekte i natur og i folk i kommunen. Grunnlaget til Fitjar er bygt på historie, forvaltning av naturressursar og verdiskaping, engasjement og deltaking.

Kommunen har ein overordna strategi, der dei tek utgangspunkt i kommunen sine fortrinn for å utvikle dykk vidare, samstundes som de vil vera tydlegare på utviklingsretning og kunnskapsbasert fornying. Å vere ein kommune som tar vare på historie og identitet, samstundes som de har endringsvilje er viktig. Dette er eit godt fundament for utvikling av heilskaplege mål og strategiar, og noko vi ser positivt på. At samfunnsdelen tidleg legg fram ei oversikt over sentrale omgrep i planen med forklaringar er positivt, ettersom innhaldet skal vere tilgjengeleg for alle, også dei som ikkje arbeider innanfor feltet.

Plan- og bygningslova § 11-1 seier at kommunane skal ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Å knytte samfunnsdelen til økonomiplanen er ei utfordring som er viktig å ta på alvor. Korleis kommunane vel å kople samfunnsdelen og arbeidet med handlingsdel / økonomiplan saman vurderer vi at er opp til kommunen, så lenge det er ei tett kopling mellom dei. Men vi saknar at plandokumentet seier noko om korleis kommunen jobbar i høve dette og korleis de tenkjer å kople samfunnsdelen og handlingsdel/økonomiplan.

### Lokalsamfunnsutvikling

Samfunnsdelen sitt kapittel om levande sentrum og bulyst tek føre seg tema som sentrumsutvikling; grøn mobilitet; samt bustadstrategi og buformer. Her er også formulert klare mål:

- Kommunesenter med eit kompakt sentrum er ei drivkraft for busetting, aktivitet og attraktivitet.
- Levande bygdesamfunn er ein open for varierte større private initiativ innan bustadbygging og næringsutvikling i kommuneplanen sin arealdel (KPA)

Gjennom pågåande arbeid viser kommunen at dei satsar på sitt kommunesenter. Dei har fått midlar frå fylket i 2019 til å lage stadanalyse, som no brukast direkte som kunnskapsgrunnlag i arbeid med områdeplan for Fitjar sentrum. Det er utarbeidd handelsanalyse for Fitjar. Det har vore arbeid med miljøgate gjennom sentrum, og kommunen satsar vidare på arbeid med berekraftig transport og rørslemønster.

### *Busetjing og bustadutvikling*

Fitjar kommune har sett mål om at ein skal leggje til rette for busetjing i alle bygdene i kommunen. Planen presenterer dei ulike grendene og kommunesenteret på ein grundig måte. Hovudtyngda av veksten skal leggjast kommunesenteret Fitjar. Vi er positive at kommunen sett fokus på utvikling av Fitjar sentrum, men vi saknar ei klårare retning på lokalisering av ny busetnad. Klarer ein å satse på bustadbygging både i grendene og i Fitjar sentrum?

### *Areal- og transportplanlegging*

Regionale planar for gamle Hordaland gjeld fram til dei vert erstatta av nye regionale planar for Vestland fylke. Regional transportplan og Regional plan for klima og energi gjev retningslinjer som skal sikre Hordaland eit effektivt og funksjonelt utbyggingsmønster. Dei regionale retningslinjene gjev at nye bustader må lokaliserast i nærleik til definerte senter og kollektivstopp, og at gang- og sykkeltilkomst til senter, skule og busstopp må vere trafiksikker. Det hadde vore positivt dersom det kom tydelegare fram i planen at bustadområde, arbeidsplassintensive næringsområde, skule og barnehage bør lokaliserast nær kvarandre og i tilknytning til kollektivnett. Dette er viktig i det vidare arbeidet med kommuneplanens arealdel.

### *Sentrumsutvikling*

Samfunnsdelen trekk fram gode strategiar og visjonar for Fitjar sentrum, mykje på bakgrunn av arbeidet med stadanalysa frå 2019. På kommuneplannivå skal ein finne sentrumsavgreisinga, som ikkje nødvendigvis er den same som planavgreisinga til ein områdeplan for same sentrumsområde. Gjennom sitt allereie pågåande arbeid med områderegulering for Fitjar sentrum skal ein opne Fitjar meir mot sjøen og skape ei attraktiv, tilgjengeleg og trygg sjøside. Det er laga miljøgate i 2019, som bidreg til tryggleik i sentrum, og ein har kartlagt gang- og sykkelveggar i kommunen. Vidare har ein hatt fokus på at eit levande sentrum er avhengig av handel, aktivitet, sosiale møteplassar og fortetting i bustadbygging.

At 60% av Fitjar sine innbyggjarar bur i ein avstand på under 2 km frå sentrum er verdifullt for ein kommune med klare berekraftsmål. Ein kompakt kommune med korte avstandar mellom bustad, sosial infrastruktur, handel og teneste har verkeleg mykje å byggje vidare på. Difor meiner vi at nye bustader og fortetting i hovudsak bør skje nær Fitjar sentrum. Dette vil styrke staden som lokal-senter og kommunesenter, og gje enda større attraktivitet, og er meir berekraftig i høve til mobilitet. Sjå meir om bustadstrategi under *Arealstrategi*.

### *Bustadføremål i strandsone*

Kommunen uttaler i samfunnsdelen eit ønskje om meir utbygging nærare sjøen og grøntstruktur, innanfor 100 meters beltet til sjø, for å gjere det attraktivt å bu i grendene. Vi forstår det som at det er ønskje om både bustadføremål, naust, småbåthamner og andre anlegg knytt til sjøaktivitetar. Bustadføremål i strandsona er ikkje heilt i samsvar med regionale retningslinjer i Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger (stadfesta i departementet 20.03.2020), som gjev at det berre er innafor areal avsett til sentrumsområde i kommuneplan at areal til bustadutvikling skal prioriterast framfor areal til fritidsføremål. Sjå meir om dette under *Arealstrategi*

Vi rår til at kommunen legg til grunn *Regional kystsoneplan* og vidare i samfunnsdelen tek med ei drøfting kva mål dei har for si strandsone, og evt korleis dei kan ha noko utbygging i somme område og samstundes ivareta strandsoneverdiene.

## Folkehelse

### *Helseoversikt som del av kunnskapsgrunnlaget*

Planutkast til samfunnsdelen til kommuneplanen i Fitjar kommune er eit godt styringsgrunnlag for folkehelsearbeidet. Samfunnsdelen som plan for folkehelsearbeidet i kommunen er eit viktig strategisk grep. Vi saknar likevel ei oppdatert folkehelseoversikt som del av det kunnskapsgrunnlaget kommunen byggjer planarbeidet på. Tilgjengeleg folkehelseoversikt ville gjort det lettare å sjå om det er eit samsvar mellom vurderingar av konsekvensar og årsaksamanhengar knytt til folkehelse i arbeidet med samfunnsdelen.

### *Medverknad frå befolkninga som verkemiddel for å bygge gode lokal samfunn*

Medverknad er eit grunnleggjande prinsipp i folkehelsearbeidet som er viktig for å bygge eigarskap og identitet til eige nærmiljø. Kommunen har gjort svært gode grep for å fremje direkte deltaking frå innbyggjarane. Det styrker kommunen sin kompetanse på medverknadsprosessar og eigarskap til planen at kommunen utviklar kompetanse med eigne ressursar.

### *Folkehelse som gjennomgåande strategisk temaområde*

Fitjar kommune har valt folkehelse som eit av tre gjennomgåande tema i framlegget til samfunnsdel. Dette er eit viktig grep for å fremje helse og livskvalitet i befolkninga. Vi saknar kanskje eit tydelegare strategisk mål for kommunen sitt folkehelsearbeid i dokumentet. Vi saknar også noko breiare perspektiv på levekår og livskvalitet knytt til heile befolkninga, som eit gjennomgåande perspektiv, ikkje berre på barn og unge.

Ved gjennomlesing av planutkastet er viktige folkehelsestrategiar også inne i dei to andre temaområda – barn og unge og berekraftig utvikling. Alle temaområda for planen saman med mål og strategiar for desse, viser at kommunen rettar innsatsen inn på tvers av kommunen sine sektorar, at innsatsen er retta mot heile befolkninga i kommunen og ikkje berre utsette grupper, og at kommunen har eit generasjonsperspektiv på arbeidet. Vidare syner målområda at kommunen har eit venstreforskyvingsperspektiv i planlegginga som sikrar at bakanforliggende områder som kan påverke helse som næringspolitikken, arbeid og bustad med fleire er løfta høgt opp. Dette samla styrker det breie arbeidet på tvers av sektorar i kommunen.

I tekstdelen i plandokumentet kan det sjå ut som om at SN sine berekraftmål vert kopla mest til dei viktige ambisjonane for klimaarbeidet. Berekraftmåla bør stå som eige punkt då dei dekkjer alle dei tre strategiske innsatsområda. Det ville styrke samfunnsdelen om innsats for sosial berekraft blei meir løfta fram.

Kommunen skildrar ulike innsatsområde som kommunen sine tenester skal ha fokus på i folkehelsearbeidet. Alle områda er viktige og nødvendige områder for å styrke kommunen sitt ansvar som samfunnsutviklar på folkehelsefeltet. Fitjar kommune syner tydeleg at kommunen ønskjer å bidra til både ei førebyggjande og ei helsefremjande samfunnsutvikling.

Det er eit godt grep at kommunen løftar inn og definerer sosial ulikskap, som er eit innsatsområde både etter plan- og bygningslova og folkehelselova. Den gjennomgåande innsatsen formulerer kommunen til å *reducere sosial ulikskap og forskjellige levekår gjennom tiltak retta mot låginntektsfamiljar*. Arbeid med å redusere sosiale helseforskjellar bør rettast inn mot alle samfunnssektorar som deltaking i barnehage, deltaking i fritidstilbod, bustadpolitikken, til gong til ulike tenester for å nemne nokre. Kommunen bør ha ein befolkningsstrategi og ikkje berre ein risikostrategi på dette viktige innsatsområdet. Kommunen sin merksemd på at innbyggjarane skal bidra til å ta vare på seg sjølv og omgivnadane sine er eit godt grep for å styrke helse for å bygge sosial kapital.

### *Om mål og strategiar – vurdering av folkehelseomsyn*

Omtalen av dei valde målområda viser at kommunen har lagt til grunn mange regionale og nasjonale føringar knytt til folkehelseomsyn i arbeidet med samfunnsdelen. Kommunen kunne gjerne også nytta regionalplan for folkehelse Hordaland 2014 -2024 som framleis gjeld, i arbeidet sitt.

Dei ulike målområda fangar opp det breie folkehelsearbeidet og viser til viktige helseomsyn som satsinga på sykkel- og gange, trafikksikring, gode kollektivløysingar, bustadpolitikken, innsats for å styrke barn og unge med fleire, frivilligheit og kulturfeltet.

Kommunen har valt å skilje ut dei ulike strategiske innsatsområda med ulike fargekoder. Dette fargekode systemet er positivt for å illustrere satsingane, men kan også innskrenke forståinga av kva tverrsektorielt folkehelsearbeid handlar om. Til dømes står «*sosiale møteplassar vurdert i all planlegging*» merka som kvitt på side 26. Møteplassar både sosiale og fysiske er viktige folkehelsegrep for alle generasjonar, og forsvinn slik fargekodinga er som folkehelseiltak. Møteplassar er særskilt viktig for å styrke den psykiske helsa i befolkninga og særskilt viktig for barn, unge og eldre og bør inn også som eigen arealstrategi.

Samfunnsplanen kan styrkast ytterlegare ved å løfte inn eit breiare perspektiv på universell utforming og eit meir integrerande samfunn, ved å arbeide for at universell utforming er eit innsatsområde innanfor dei fleste sektorar og inn i arealstrategiane. Vi saknar også strategiar for arealdelen som verkemiddel for å jamne ut sosiale helseskilnader. Sjå meir om arealstrategiar knytt til folkehelse under *Arealstrategi*.

## Klima og miljø

### *Klima og berekraft høgt på agendaen*

Samfunnsdelen skal gje retning til ønskt utvikling i Fitjar. Vestland fylkeskommune er svært positiv til at klima og berekraft blir løfta fram som tydelege satsingsområde i planen. Det er eit spennande grep at kommuneplanen no blir Fitjar sin klima- og miljøplan med kapittelet «Den grønne kommunen». Vi vonar dette vil bidra positivt til å integrere klima- og miljøarbeidet i kommunen sitt overordna styringssystem og mobilisere til klimahandling i både kommuneorganisasjonen og lokalsamfunnet.

Klimaomstilling omhandlar både tiltak for å redusere klimagassutslepp, energieffektivisere og auke bruken av fornybar energi, klimatilpasse samfunnet og stimulere til ei samfunnsending på vegen til eit nullutsleppssamfunn.

Samfunnsdelen viser at Fitjar kommune planlegg å nytte sitt handlingsrom som samfunnsutviklar og pådrivar i omstillinga til lågutsleppssamfunnet. Samarbeidet med nabokommunane om planarbeidet og felles høge klimaambisjonar, gir eit godt grunnlag for ei berekraftig og grøn samfunnsutvikling i Sunnhordland.

[«Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning»](#) legg føringar og krav for kommunal planlegging, og skal leggest til grunn i alle kommunale planar. Det kjem ikkje fram i planutkastet korleis Fitjar kommune har nytta planretningslinjene i arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel.

Regionalt, har fylkespolitikarane i Vestland gjennom politisk plattform signalisert ein ambisiøs klimapolitikk med nullutslepp i 2030. Utviklingsplan for Vestland (på høyring) løftar klima- og miljøomsyn høgt, der det eine målet er at klima og miljø er premiss for samfunnsutvikling (mål 2). Fylkeskommunen har ikkje politisk vedteke klima- og energimål for det nye fylket, men dei to klimaplanane i tidlegare Sogn og Fjordane og Hordaland er gjeldande til ny regional klimaplan vert vedteken. Såleis bør Fitjar kommune også sjå til Klimaplan Hordaland som del av nasjonale og regionale føringar for planarbeidet.

### *«Den grønne kommunen»*

Det er klare nasjonale forventningar om at kommunen gjennom si planlegging bidreg til å redusere klimagassutsleppa på vegen til lågutsleppssamfunnet. Dette inkluderer også utslepp frå arealbruksendingar og andre konsekvensar ved arealbruken (eks. sårbare naturtypar og tap av myr).

Ambisiøse mål: Fitjar kommune har satt seg ambisiøse mål og skildrar i planutkastet kva slags utsleppskategoriar som har størst utslepp og vidare kva område kommunen kan bidra til å påverke gjennom mellom anna arealplanlegging, tiltak i eiga verksemd og samarbeid med næringsliv og lokalsamfunn.

Det er positivt at Fitjar kommune ønskjer å innføre *klimarekneskap* for å få betre oversyn over utviklinga i utsleppa. Kommunen kan påverke både direkte utslepp som skjer lokalt, og indirekte utslepp frå varer og tenester kor utsleppa skjer andre stader. Dei indirekte utsleppa av klimagassar frå innbyggjarar, næringsliv og kommunen er mykje større enn dei direkte, men kan vere meir kompliserte å få oversikt over då utsleppa oppstår utanfor kommunen sine grenser og stammer frå ei rekke ulike kjelder. Samstundes har kommunen betydeleg innkjøpsmakt som kan nyttast til å fremje miljøvenleg teknologi, produksjon og forbruk. Klimasmarte innkjøp gir moglegheiter for innovasjon og utvikling, og også klimaomstilling utover kommunen si eiga verksemd.

Miljøleing og miljøsertifisering: Kommunen har full råderett over eiga verksemd og eigne innkjøp. Det er positivt at Fitjar vil innføre eit system for miljøleing og miljøsertifisering av kommunal verksemd. Systematisk arbeid med miljøforbetring i eigen organisasjon bidreg til å redusere miljøpåverknadar, men kan også nyttast som driver for utvikling og innovasjon. I tillegg til å «feie for eiga dør», kan kommunen inspirere til grøn handlekraft. *Tredjeparts sertifisering* av miljøstyrings-systemet kan bidra til å auke truverdigheita ut mot omgjevnaden. Samstundes kan det å få ein jamleg gjennomgang av eksternt fagmiljø vere eit positivt bidrag inn i klima- og miljøarbeidet.

### Næring

Næringsperspektivet er godt ivareteke i planen. Det er ein styrkje at næringsutvikling og innovasjon er løfta opp som eit sentralt tema, og at ein ser desse strategiane i ljøs av berekraftig utvikling og FN sine berekraftsmål.

Det er positivt at kommunen ønskjer å byggje vidare på fortrinn dei allereie har innan grønne / blå næringar. Til orientering er regional plan for næringsutvikling i Vestland no under utarbeiding, og vi vonar de held dykk oppdatert på denne i det vidare. Som det går fram av planprogrammet for denne, som nyleg var ute til offentleg ettersyn, ønskjer fylkeskommunen å nytte «smart spesialisering» som metodikk for arbeid med regional næringsutvikling.

### Samferdsel

Fitjar vil legge til rette for at sentrum kan utviklast og fortettast slik at ein kan gå og sykle til dei fleste funksjonane. Kommunesenteret har eit tett sentrum med kommunehus, kyrkje, skule og idrettsanlegg og butikkar i gåavstand til dei omliggande bustadfelta. Dette er positivt, og fordrar at ein fortsett med å ta omsyn til trafikktryggleik også i overordna planlegging.

Fitjar sentrum har fått ein oppgradering med ombygging av krysset på fv 545, nytt kollektivknutepunkt, oppgraderte busslommer ved den vidaregåande skulen og fortau på ein del av strekninga gjennom sentrum. Ein bør ein jobbe for å skaffe midlar til å forlenge fortauet slik at det vert trygge løysingar for mjuke trafikantar gjennom heile sentrum. Det er bra at kommunen har som mål å lage samanhengande forbindelsar for mjuke trafikantar i sentrum, i kommunedelsentera og mellom desse.

## Kultur, inkludering, og friluftsliv

Frå eit kultur-, idrett- og inkluderingsperspektiv er fleire forventningar frå nasjonalt hald viktig for kommunen å ta omsyn til i overordna planarbeid i kommunen.

### *Regionale føringar*

Vestland fylkeskommune har 2 gjeldande regionale planar på kulturfeltet. Dei gjeld i dei geografiske områda til ny regional plan for kultur er vedteke. Vi viser her særleg til *PREMISS: KULTUR. Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*. Satsingane innanfor deltaking og oppleving, kultur for alle, mangfald og integrering kulturell verdiskaping, gode lokalsamfunn, frivilligheit, kulturminne som grunnlag for læring og oppleving, immaterielle kulturarv, berekraftig kulturell infrastruktur, møteplassar og arenabygging er alle viktig.

Vi viser også til Vestland fylkeskommune sitt vedtekte dokument; Anleggspolitikk og kriteria for tildeling av spelemidlar. Dokumentet har ikkje status som regional plan, men gir likevel føringar for bruken av spelemidlar som kommunen må vere kjend med. Vi ber om at desse føringar vert lagt inn i samfunnsdelen av kommuneplan.

### *Samfunnsdelen av kommuneplanen*

Samfunnsdelen er godt fundert og satsingane treff mange av utfordringane som kommunen har. Det kan vera krevjande å halde oversikt på koplingane mellom dei ulike tema, satsingar, mål, tiltak, handling, og strategiar. Ein gjennomgang av samfunnsdelen med dette i tankane og klar struktur, vil kunne få fram gode mål og satsingar på ein betre måte.

Hovudsatsinga om eit levande sentrum og bulyst er positivt. Kommunen vil blant anna styrke og fremme identiteten og ta vare på historia og særpreget. Dette bør forankrast i kulturminneplanen sitt handlingsprogram. Den vil auka aktivitetstilbod og kulturtilbod og synleggjera frivillige organisasjonar sine aktivitetar og sikre barn varierte idretts- og kulturtilbod. Den satsar på samanhengande gang og sykkelveggar, vil identifiserer turstiar og utandørs møteplassar og utvikle meir sosial fellesskap og partnarsskap mellom kommunen og dei frivillige.

Satsinga om Fitjar i berekraftig vekst vil utvikle berekraftig reiseliv og kortreiste opplevingar. Kommunen ønskjer å realisere eit formidlingssenter om historisk Fitjar, ta vare på kystkulturen ved Dåfjorden slipp, utvikle tilgang til Fitjarøyane, etablere kabelferje til Smedholmen. Hurtigbåtstopp i Fitjar, EL motorsport med meir. Under same satsinga er fokus på å støtte opp under kultur-entreprenørar, frå frivillig til næringsaktør, ungt entreprenørskap og ungdomsbedrift i ungdomsskulen og Fitjar VGS. Kommunen vurderer også aktivitet og kultur som aktuelle innovasjonsområde. Det er bra!

Satsinga på den grønne kommunen er bra. Eit aktiv landbruk er naudsynt for mellom anna å halde kulturlandskapet i hevd. Auka satsing på lokalforedling av gardsprodukt og bruke garden som ressurs og tilleggsnæringar er positivt. Kulturlandskapet i Fijtarøyane har nasjonal verdi, det er difor bra at ein i arealstrategien nemnder at det skal utarbeidast ei omsynssone kulturmiljø H570 i kommuneplanen sin arealdel for dette området og at kulturminneplanen skal oppdaterast. Vi viser til ny stortingsmelding om nye mål i kulturmiljøpolitikken:

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/kulturmiljo/id2697943/>

Her vil vi særleg peike på gjenbruk og istandsetting av kulturminne og kulturmiljø som er samfunnsnyttig både av omsyn til klima, ressursbruk og økonomi. Kommunen har ansvar å ta vare på kulturarven som ressurs for kunnskap, oppleving, bruk og gjenbruk (sirkulær økonomi). Dette kan forankrast under punkt om sirkulær økonomi. Vi minner om at Sunnhordland museum har kompetanse på dette feltet, samt immateriell kulturarv, som bør forankrast i dei kommunale planane.

Det er positivt at kommunane Bømlo, Fitjar og Stord har eit formelt samarbeid om overordna planlegging og det er truleg mykje meir å hente i dette samarbeid innafor kultur, idrett og inkludering.

### *Kulturarv*

Kommunen sine ambisjonar når det gjeld å formidle og nytte kulturarv som handlar om kulturminne, mat, musikk, litteratur, dans, handverk og tradisjonar er godt synleg i samfunnsdelen, særleg under avsnitt Fitjar for alle, men og andre delar av dokumentet.

For å kunne tilby heilskapleg og effektiv tenesteyting er det særskilt viktig at kommunen prioriterer å bygge opp kulturminnekompetansen internt i kommunen knytt til forvaltning av lokale kulturminne og i arbeid med lokale grunneigarar. Tilskotsordningar til istandsetting av verneverdig bygg utløyse aktivitet lokalt.

Kulturminne og gjenkjennelege fysiske omgjevnader reflekterer kulturen gjennom m.a. identitet- og symbolverdi, og kan motverke framandgjerding som følgje av samfunnsendringar. Desse faktorane er viktige i kommunen sitt strategiske mål om å bli fleire. Nyskaping må settast i samheng med god ressursforvaltning, særleg knytt til natur- og kulturarvressursar, då desse ikkje er fornybare.

### *Friluftsliv*

Fylkeskommunen oppmodar kommunen til å inkludere «plan for friluftslivets ferdselsårer» i kommunal planstrategi. Friluftslivets ferdselsårer er et nytt nasjonalt prosjekt (2019-2023) initiert av Klima- og miljødepartementet, leia av Miljødirektoratet. Ein eigen vegleiar for arbeidet finst på Miljødirektoratet sine nettsider.

Friluftslivets ferdselsårer er ei naturleg oppfølging av kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder og Turskiltprosjektet. Begge prosjekta er naturleg å inkludere i kunnskapsgrunnlaget til planstrategien. Det same gjeld statleg sikra friluftslivsområder og andre tilrettelagte friluftslivsområder i kommunen.

### *Medverknad*

Kommunen har lagt stor vekk på medverknad og bør legge stor vekt på dette i det vidare planarbeidet. Kommunen bør utvikle gode modellar for samhandling innan kultur, idrett og inkludering og med frivillig sektor. Vi vil vise til at å nytte etablerte møteplassar, t.d. frivillig sektor, kan vere positiv i og med at ein har eit allereie etablert system der ein lett kan komme i kontakt og sikre medverknad frå breie grupper av innbyggjarar, særleg barn og unge, eldre og innvandrarar. Det er også ein god måte å ta i vare integreringsaspektet.

Vi vil og peike på viktige felt og grupper som er naturlege å inkludere i overordna planarbeidet i kommunen:

- Frivillig sektor
- Kunst- og kulturinstitusjonar
- Det frie, profesjonelle feltet, utøvande og skapande kunstnarar innan ulike kunstformer.
- Integrering og inkluderingsperspektivet.
- Immateriell kulturarv, som stadnamn, tradisjonsmusikk, livsminne, tradisjonshandverk og annan handlingsboren kunnskap.
- Dokumentasjonsarv og dokumentasjon, som privatarkiv, kulturhistoriske foto, lyd- og filmdokumentasjon.
- Bibliotek skal gi tilgang til kultur, informasjon, kunnskap og eit godt læringsmiljø. Bibliotekstrategi «Rom for demokrati og danning» er grunnlag for den nasjonale bibliotekutviklinga 2020-2023, med mål om å vidareutvikle biblioteka som relevante og viktige kunnskapsinstitusjonar som skal bidra til folkeopplysning og danning for befolkninga.
- Møteplassar, som bibliotek, anlegg for idrett og friluftsliv, kulturbygg og dei møteplassane som vert skapt av frivillig aktivitet
- Folkehelse
- Digital kulturformidling
- Anleggsutvikling. Anlegg og arena for idrett, kultur og friluftsliv som er i tråd med regionale føringar og som del av heilskapleg samfunnsutvikling.

Vestland fylkeskommune bidreg med rettleiing på dei ulike fagfelte innan kultur etter nærare avtale.



## Arealstrategi

Vi vil gi ros for at mange av kapitla har avslutningsvis ei matrise som syner «Slik vil me ha det»; «Slik gjer me det»; og «Arealstrategi». Dette vil vere med å gje ei god kopling mellom samfunnsdelen og arealdelen og vere sikre at mål og strategiar i samfunnsdelen vert følgt opp vidare i arealdelen. Vi oppmodar kommunen til å gå gjennom plandokumentet og sjå om ein kan vere meir konkrete på kva handlingar ein meiner bør gjennomførast for å oppnå dei måla som er sett i samfunnsdelen.

### *Bustadstrategi*

I samfunnsdelen sitt kapittel *Bustadstrategi og buformer* er Fitjar sentrum omtalt som tyngdepunktet i busetnaden i kommunen. Eit framtidig Hordfast vil også utløysa ein integrasjon med Bergen og Bjørnefjorden og kunna føra til nye utbyggingsbehov. Det er kanskje dette kommunen har med i vurderinga når dei legg opp til bustadutvikling *både* i grender og i sentrum. Når det gjeld ønskt bruk av LNF-spreidd utbygging er erfaringa vår at dette bør nyttast i avgrensa grad.

Kommunen skisserer ei utbygging i Fitjar sentrum særleg med leilegheiter for både yngre og eldre. Vi vil utfordre kommunen til å utvide horisonten, og tenkje korleis ein kan få folk i alle livsfasar til å ønskje å bu sentralt. Det hadde vore positivt om kommunen kunne ha gjort greie for kva konkrete mål ein har for bustadbygging i senterområda. Er mangfald i demografien sentralt viktig? Kva for bustader kan tiltrekkje barnefamiliar sentralt, til dømes? Tett-låg-bustadbygging i form av rekkehus i bilfrie tun gjev både hageflekk og nærleik til naudsynte funksjonar for den travle småbarnsfamilien – alt i gå- og sykkelavstand. Vi ber om at det vert sett fokus på dette i det vidare arbeidet med kommuneplanens arealdel. Elles er det positivt at samfunnsdelen er tydeleg på at dei vil teste ut nye buformer og legg vekt på arkitektonisk kvalitet i nybygg, inspirert av Fitjar sin identitet.

### *Folkehelse*

Arealstrategiar knytt til mangfald av bustader og bustadsosiale føremål er særst viktige rammer for å styrke befolkninga si helse. Sett frå eit folkehelseperspektiv saknar vi likevel prinsipp knytt til korleis ein gjennom gode naborelasjonar kan fremje ei kjensle av tilhøyrslø og sosial forankring, gjennom at busetnaden også skal planleggast med gode løysingar for sosiale møtestader – formelle og uformelle.

I arealstrategiane står nemnt «*folkehelseiltak*». Vi reknar med at det er ulike satsingsområde kommunen vil prioritere som skal inn her. Mange av strategiane kommunen har løfta fram i planen er gode folkehelseiltak, som bustadplanlegginga, trafikksikringsarbeidet med fleire. Vi saknar strategiar for arealdelen som verkemiddel for å jamne ut sosiale helseskilnader.

### *Klima*

Arealstrategien, «slik vil me ha det, slik gjer me det», bidreg til å tydeleg kommunisere den grønne retninga Fitjar beveger seg i. Det er positivt at det er utvikla arealstrategiar som til dømes følgjer opp føringane om eit strengt jordvern og samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Kan hende det også kan utviklast tydelegare føringar for arealdelen som gjeld klimatilpassing; til dømes god overvasshandtering, ta i bruk naturbasert løysingar, utvikle og ivareta ein samanhengande offentleg grøntstruktur. Vidare kan ein også vurdere om det kan utformast arealstrategiar som gir føringar for utvikling av bustads- og næringsområde (parkering, uteoppfallsareal, deleløysingar, ladepunkt, solceller, grønne tak etc.)

### *Strandsone*

Vi viser til retningslinjer i *Regional kystsonenplan for Sunnhordland og ytre Hardanger*. Kommunen kan differensiere strandsonevernet til lokale tilhøve, som til dømes sjøaktivitetar og naust, gjennom heil-skapleg og kunnskapsbasert kartlegging og forankring av funksjonell strandsone i plan, så lenge

ein er innanfor statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona. Kommunen skal vurdere behov for nye byggeområde, båt plassar og tilrettelegging for friluftsliv. Utbygging i strandsona skal skje mest mogleg konsentrert. Større, samanhengande inngrepsfrie område bør haldast fri for nye tiltak.

Det vil verte viktig at kommunen legg vekt på å utvikle verkty for å kunne vite kvar den samla tolegrensa går. Kommunen må også vere obs på at gjennom tilrettelegging for naustføremål og (fritids)-bustadføremål og kan ein risikere at det er hyttefolk som kjøper opp eigedomar. Hyttefolk gjev som kjent aktivitet berre i visse deler av året, og så ligg områda livlause gjennom vekedagane og elles store deler av året. Dette er ikkje med på å skape liv i grendene.

#### *Kultur, inkludering og friluftsliv*

Samfunnsdelen bør ha arealstrategiar for å sikre friluftsområde og viktig kulturmiljø for allmenta.

#### **Oppsummering**

Samfunnsdelen av kommuneplanen for Fitjar vitnar om at det er lagt ned mykje godt arbeid. Vi vil gje ros for vektlegginga av sentrumsutvikling, og ser fram til at dette vert følgt opp og konkretisert i den vidare arealplanlegginga. Vi ser det som spesielt positivt at det ser ut til å vere stort samsvar mellom Fitjar kommune og Vestland fylkeskommune sine mål og strategiar for utviklinga av samfunnet.

Lukke til med det vidare planarbeidet!

Med helsing

Eva Katrine R. Taule  
fagleiar kommunal plan

Nina Gjester Hoel  
spesialrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Sakshandsamarar:

Nina Gjester Hoel, Seksjon for Plan, klima og folkehelse, Stabsavdeling for strategisk utvikling og digitalisering  
Lene Omdahl, Seksjon for Plan, klima og folkehelse, Stabsavdeling for strategisk utvikling og digitalisering  
Else-Marie Brobakk Aarø, Seksjon for Plan, klima og folkehelse, Stabsavdeling for strategisk utvikling  
Eva Birgitte Teige, Seksjon for Forvaltning Bergen, Avdeling for infrastruktur og veg  
Grete Jacobsen,  
Elizabeth Warren, Seksjon for idrett og friluftsliv, Avdeling for kultur, idrett og inkludering

Kopi til:

FYLKESMANNEN I VESTLAND AVD BERGEN    Kaigaten 9

FISKERIDIREKTORATET REGION VEST    Postboks 185 Sentrum